

Fyresdal kommune  
Klokkarhamaren 6  
3870 Fyresdal  
[mona.gundersen@fyresdal.kommune.no](mailto:mona.gundersen@fyresdal.kommune.no)

Fyresdal 12. februar 2026

### **Søknad om utvida konsesjonsområde — Kølbotn masseuttak.**

Krossli Singel og Sand AS (KSS) fekk i 2021 innvilga driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning (DIRMIN) på drift i Kølbotn Masseuttak. Massetaket har vore i drift i over 20 år med ulike aktørar. Konsesjonen som vart innvilga i 2021 ga konsesjon for 10 år. Søknaden var basert på ein driftsplan frå 2018. Det føreligg ikkje eigen reguleringsplan for området, men området er regulert inn i kommunedelplanen for Fyresdal Sentrum som masseuttak, jf. K-sak 2012/62-5.

Til grunn for drifta i Kølbotn Masseuttak ligg ei avtale med grunneigar Tarjei Haugen. Avtala legg til rette for utvinning på eit område som går langt utanfor dagens konsesjonsområde. Denne avtale vert derfor lagt til grunn når ein nå ønskjer å utvide planområdet.

Sidan 2021 har drifta følgd driftsplan. Uttak har vore basert på generelt behov for masser i Fyresdal til ulike veg- og byggeprosjekt. I forbindelse med etablering av datasenter på Molandsmoen har behovet for uttak no auka vesentleg. Utbyggar har behov for tilkjøyring av knuste masser i stort omfang – både til sjølve datasentertomta men også riggområdet. I tillegg forventar ein stor aktivitet i Fyresdal framover. Planar om boligbygging og naudsynt oppgradering av infrastruktur vil gjere behovet for gode masser stort. Alle partar vurderar det som ein stor fordel at masseuttak kan halde fram på eksisterande område av følgjande årsaker:

- Område er allereie i drift med gode system for tilbakeføring, og ei utviding av allereie eksisterande område der det ligg godt til rette for uttak er betre enn å starte utvinning på ein heilt ny plass.
- Området ligg sentralt i høve til industriområde og Fyresdal Sentrum. Det inneber kort transportavstand for til dels store og tunge volum. Belastninga for lokalmiljøet går ned med mindre køyreavstand og klimafotavtrykket blir lågare samanlikna med eit brudd lengre vekk, som ville krevd større transportarbeid.
- Kølbotn masseuttak har fjell som gir god kvalitet på knuste masser.

På bakgrunn av behov for større utvinningsareal søker KSS med dette om at området for utvinning blir utvida i kommunedelplan for Fyresdal Sentrum. Dispensasjon er godkjent av DIRMIN som plangrunnlag for konsesjon. Ved positiv handsaming i Fyresdal kommune, vil KSS umiddelbart søkje DIRMIN om ny/utvida driftskonsesjon for Kølbotn

masseuttak. Ein har hatt ein innleiande dialog med DIRMIN. Utvida område krever ny søknadshandsaming, men ein vil kunne sjå utvida område i samanheng med tidlegare konsesjonssøknad og knytte desse saman. Krav om eigen reguleringsplan kan kompenseras med oppdatert planstatus i kommunedelplanen der nytt område er lagt inn.

Til grunn for søknaden føreligg ny driftsplan for utvida område samt eksisterande avtale med grunneigar. Vedlagt denne søknaden foreligg kartgrunnlag utarbeida av SWECO som angir område og terrengmodell for ny driftsplan og ny avslutningsplan. Begge planar er gjengitt som oversiktsplanar med tekst med tilhøyrande snitt som syner høgder, nedtrapping, tilbakeføring av masser, handtering av overflatevatn med sedimenteringsbasseng med meir. I tillegg til kartgrunnlaget vil det bli utarbeida ein tekstdel til driftsplanen. Denne ettersendast.

Om behov for ytterlegare informasjon eller avklaringar er vi til disposisjon på kort varsel.

Beste helsing

Jørn Helge Krossli

Dagleg leiar, Krossli Singel og Sand AS